

## Søknad om økonomisk støtte til skulefrukost

Fusa vgs starta opp med gratis skulefrukost i februar 2014. Hos oss startar skuledagen tidleg, kl 07.40. Dei elevane som har noko reisetid til skulen må derfor stå svært tidleg opp. Me har i mange år gjeve tilbod om frukost til ein relativt låg kostnad for elevane. Sjølv om prisen på frukosten var låg, var det mange av elevane som kjøpte mat hos ein daglegvareforretning som ligg like ved skulen. Det var derfor eit noko variert kosthald, og elevar kom gjerne seint til undervisninga etter pausen.

Me vurderte derfor situasjonen som lite tilfredstillande for elevane og for læringsmiljøet. Det vart derfor sett i gang ei prøveordning med gratis skulefrukost i februar 2014. Tilbodet vart svært godt motteke, og dei aller fleste elevane nytta seg av tilbodet. Ordninga med gratis skulefrukost vart derfor vidareført og er framleis eit tilbod til elevane våre. At så mange har eit fellesmåltid, er også svært positivt for det sosiale miljøet i klassane og på skulen generelt. Faglærarane melder at måltidet også har positiv effekt på læringsmiljøet i timane etter frukosten. Ordninga med gratis skulefrukost gjeld alle dagar i veka.

Frukosttilbodet har høg næringsmessig kvalitet med m.a. brød, pålegg og havregrynsgraut. Det er eit relativt breidt tilbod av pålegg. Kostnaden med råvarer til frukost ligg på ca kr 1000,- pr dag. Det varierer noko om elevar er i praksis eller ikkje. Lønnskostnader er ikkje rekna med i dette beløpet. Me har ein person som saman med elevar i arbeidstrening, har ansvar for frukosten. Det er derfor ein kostnad som me også hadde før gratis skulefrukost vart starta opp.

Ordninga med gratis skulefrukost vert omtala som svært positivt av elevane, og ei ordning som me vil prioritere så langt det er mogleg. Me meiner den har positiv effekt på opplæringa og kan verka forebyggjande på m.a. fråfall.

Elevtal	290
Inntakspoeng *	40,7
Omfang	Kvar dag
Kostnad råvarer	kr 150000

Søker om kr 150000  
(\* henta frå hjerneoghjerte.no)

Me søker om kr 150000 i støtte, slik at me får dekka kostnader til råvarer.

Eikelandsosen, 20. februar 2017

Tor Johannes Hjertnes  
rektor